



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 03.11.2021
Tid: kl. 19:00

Følgjande møtte:	Rolle
Elin Anita Garpestad	Andre
Elisabet Haarr	Medlem - forfall
Ivan Fjeld	Medlem
Jens Kåre Bore Stokka	Medlem
Jonas Meling Berge	Medlem
Marita Midtun Finstad	Medlem
Nicolai Homme	Leiar
Torunn Renate Bore	Nestleiar
Torill S Bøen	Vara
Elisabeth K Jørgensen	Vara

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

21/052	Godkjenning av innkalling
21/053	Godkjenning av referat
21/054	Samtale om arbeidet - november 2021
21/055	Informasjon frå og til fellesrådet - november 2021
21/056	Høyring ny kyrkjeleg organisering - forslag
21/057	Gudstenesteliste våren 2022
21/058	Orienteringar - november

21/052 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 21/052 Vedtak:
Innkalling godkjent.

21/053 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

BS - 21/053 Vedtak:
Referat fra forrige møte godkjent.

21/054 Samtale om arbeidet - november 2021

Forslag til vedtak:
Soknerådet drøftar dei siste innspela og gjer vedtak i møtet.

Soknerådet drøfta tilbakemeldingane frå Menighetsmøtet. Mange hadde mykje på hjartet og det var flott at folk delte si ærlege meining. Dette viser eit behov for å drøfta ulike sider ved menighetsdrifta. Soknerådet bør arrangera fleire slike kveldar, gjerne med workshops? Det er ofte lettare å snakka saman i mindre grupper. Soknerådet må tenkja "Kyrkje for heile soknet". Det er viktig at alle stemmer kjem fram og at det alltid er noko i ei gudsteneste som er gjenkjenneleg, særleg med tanke på song/salmeval. Behovet er stort for å samla menigheten igjen etter koronatida. Eit nytt tilbod til menn: Spel og drøs, vil ha første samling 18. november kl. 20. Strikkekveld har samling 11. november. I tillegg vil Torunn Renate (diakoniutvalet) invitera til mat/drøs/kos laurdag 11. desember. Det virkar som at det er rett spor å 3-dela gudstenestene. Viktig at folk forstår dei ulike begrepa: G1-tradisjonell gudsteneste, G2-gudsteneste med band og Familiegudsteneste.

BS - 21/054 Vedtak:
Soknerådet gjeninnfører dei 3 ulike gudstenestene: G1-tradisjonell gudsteneste, G2-gudsteneste med band og Familiegudsteneste når gudstenestelista for våren 2022 skal leggjast. Nådepuls skjer på datoar og tidspunkt som passar for arrangørane.

21/055 Informasjon frå og til fellesrådet - november 2021

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd tek saka til orientering.

Parkeringsplassen blir finansiert i budsjett for 2022 med ei ramme på kr 2 400 000,-
Arbeidet kan ta til kva tid som helst.

Forslag til revidering av lokal gravferdsforskrift vart omtalt.

BS - 21/055 Vedtak:

Soknerådet ga si tilslutning til revidering av lokal gravferdsforskrift.

Soknerådet er glad for at arbeidet med utviding parkeringsplassen er fullfinansiert i budsjett for 2022 og imøteser snarleg gjennomføring.

21/056 Høyring ny kyrkjeleg organisering - forslag

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd vedtek å svara på høyringa om ny kyrkjeleg organisering i tråd med forslag.
Dagleg leiar melder inn digitalt.

BS - 21/056 Vedtak:

Bore sokneråd vedtek å svara på høyringa om ny kyrkjeleg organisering i tråd med forslag.
Dagleg leiar melder inn digitalt.

21/057 Gudstenesteliste våren 2022

Forslag til vedtak:

Bore sokneråd vedtek gudstenestelista for våren 2022.

BS - 21/057 Vedtak:

Bore sokneråd vedtek gudstenestelista for våren 2022.

21/058 Orienteringar - november

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

Soknerådet ser behovet for at fleire frivillige hjelper til i trusopplæringsarbeidet, særleg konfirmantarbeidet. Det må informerast i infomailen at det trengs fleire vaksne på samlingane.

BS - 21/058 Vedtak:

Soknerådet vil informera om behovet for fleire frivillige i trusopplæringsarbeidet, særleg konfirmantarbeidet. Dette vil mellom anna skje i infomailen.